

# Referat frå møte i styringsgruppa for kommunereform 23. februar 2016

---

**Tid:** Tysdag 23. februar 2016 kl. 14:00

**Stad:** Kantina, Sentrumsbygget

**Til stades:** Hans Petter Thorbjørnsen (ordfører, A), Jens Olav Holven (varaordfører, SP), Håkon Gjerde (V), Stig Yngve Røkenes (H), Guro Ljone (SV) og rådmann Joakim S.T. Øren (referent).

## Innleiing

Ordførarar informerte innleiingsvis om status i saka og kva vedtaket til Eidfjord kommunestyre om å seie nei til begge dei to framforhandla intensjonsavtalane inneber. Det var deretter meiningsutveksling mellom medlemmene.

Vidare informerte ordførar om at ordførarane i Granvin, Ullensvang og Ulvik hadde hatt møte dagen før, og kor ordførarane var positive til å sjå på moglegheita til å forhandle om ein eigen intensjonsavtale for herada Granvin, Ullensvang og Ulvik.

## Vidare forhandlingar

Gruppa drøfta vidare arbeid med saka om kommunereform. Det var einigheit om at Ulvik bør gå i forhandlingar med Granvin og Ullensvang om ein eigen intensjonsavtale for desse tre herada. Om ikkje desse forhandlingane skulle føre fram, meinte styringsgruppa at også ein intensjonsavtale med berre Granvin ville vere eit alternativ. Styringsgruppa var einig i at dette ligg innanfor mandatet som er gitt til styringsgruppa av heradsstyret.

Deretter vart opplegget for Ulvik si tilnærming i dei vidare forhandlingane drøfta.

Det vart informert om at dersom både Granvin og Ullensvang ynskjer forhandlingar mellom dei tre herada, vil eit fyrste møte mellom ordførarar og rådmenn finne stad 2. mars 2016.

Neste møte i styringsgruppa for Ulvik er 7. mars kl. 09:00.